



Jan Tore Johnsen les opp vinnartal på ein tidlegare bingo. Komande onsdag er friluftslaget vinnar i tillegg til dei vanlege vinnarane.

Det er tydeleg at bygda ønskjer å støtte opp om Friluftslaget og Stemneplassen. Sist tysdag var det ei koseleg musikkstund der etter initiativ frå musikklaget. No har bingonemnda i ungdomslaget meldt at dei ønskjer at overskotet frå bingoen komande onsdag skal gå til drift av den flotte Stemneplassen.

Bingoen er som vanleg i Helgheimskjellaren, og den startar kl.19 onsdag. For tilreisande som måtta ønskje nokre spennande timar med bingobrikker legg vi til at Helgheim er det store raude forsamlingshuset ved grana i sentrum. Dei heldige vinn pengepremiar. Største premien er naturleg nok i siste omgang, og den er på heile 2000 kr.

Innimellom bingospelninga vert det og pause og høve til å kjøpe både kaffi og noko å bite i.

Leiar i styret for friluftslaget, Ove Myhre, er svært fornøgd med interessa og støtta som vert vist for Stemneplassen no. Han håpar folk blir flinke både å bruke den og støtte opp om den også framover.



[Koseleg på stemneplassen sist tysdag.](#)

Onsdag kl. 19 kan ein altså oppleve både spenning, og støtte opp om drifta av Stemneplassen ved å gå på bingo. Eit flott tiltak av bingonemnda i ungdomslaget!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen.